

## DEL 2:



Om lag slik skal mysteriestrikket ditt sjå ut før du byrjar på del 2.

### Velkomne til del 2 av boblestrikk!

Arbeidet veks, så vurder om det snart er tid for å strikke arbeidet over på rundpinne (40 cm).

Når du gjer det, set maskemarkørar inn der pinneskiftet har vore til no.

Kanskje er det lurt også å ha noko som markerer kva omgang du er i, den med eller den utan auking – t.d. flytte ei skei frå ei side til ei anna eller liknande? Det er lett å gjere feil, så tel over iblant at det framleis er like mange masker mellom kvar maskemarkør. (Om du har gjort feil, så ikkje fortvil – det er det lov å «jukse-auke» ei maske iblant òg!)

### Bobler:

Mønsterstrikinga her er små «bobler» som vert strikka slik:

#### 1. mønsteromgang:

1) Hent tråden ganske laust gjennom maska som for ei vanleg rett maske, og la tråden liggje på høgre pinne utan å løfte av. 2) Stikk så pinnen inn i midten av maska på venstre pinne og hent ny tråd ganske laust ein gong til, slik at det no er 2 trådar på høgre pinne, men løft framleis ikkje av. 3) Stikk pinnen inn frå framsida igjen, og hent tråd enno ein gong til, slik at det no er 3 mønstertrådar på høgre pinne. Løft av frå venstre pinne, og la dei 3 mønstertrådane liggje laust på pinnen til neste omgang.

2. mønsteromgang: Strikk rett med botnfargen der dei 3 lause trådane i mønsterfarge vert strikka saman til ei maske.

TIPS: Det er lettast å få tak i alle 3 trådane om du løyser dei litt med høgre pinnen før du hentar tråden gjennom dei.

**Mønsterappen** gjennom arbeidet vert slik diagrammet under viser.

**NB! Fortset å auke annankvar omgang som før gjennom heile del 2, diagrammet viser berre fargeskifta.**

**Del 2 startar med omg 4 i diagrammet, omg 1-3 (svart + 2 omg raud) strikka du i del 1.**

17) Start mønsteromg 1) med 3 m botnfarge (seinare også 4 m el. 5 m, sjå under), 1x boble med lause trådar i mønsterfarge, 3 m botnfarge, 1x boble i mønsterfarge osv. ut omg, avslutt med 3–5m i botnfarge

18) Strikk mønsteromg 2): 1 omg einsfarga botnfarge der du strikkar dei 3 trådane saman

19) Strikk 1 omg til i botnfarge

20) Gjenta mønsteromg 1

21) Gjenta mønsteromg 2


22) 1 omg botnfarge

**Strikk vidare med fargeskift som i diagram A til og med rad 56 i diagrammet.**

**NB!** Grunna dei ulike fargeskifta kjem ikkje alle bobleradene til å starte med 3 m før 1. boble. Dette bereknar du sjølv, men strikk alltid minst 3–5 masker før den fyrste bobla i raden for at bobla ikkje skal kome i konflikt med auking/felling, men pass samstundes på at boblene i dei 2 radene kjem i same rytme rett over kvarandre som på diagrammet.

Litt å gjere no altså, men vi er veldig godt i gang 😊

Diagram A: (Du byrjar nedanifrå og jobbar deg oppover diagrammet)



**MRK!** Del 2 startar med omg 4 i diagrammet, omg 1-3 (svart + 2 omg raud) strikka du i del 1.

Del gjerne arbeidet ditt med oss undervegs ved å merke det med @norsktrikotasjemuseum og #mysterieboblestrikk

**LUKKE TIL!**

Del 3 kjem fredag 8. mai!